

Kontradansar av fransk rot

NORSE

82 FRANSESE

TUR I

M.M. ♩. ≈ 56-66

The musical score is written in G major (one sharp) and 8/8 time. It consists of seven staves of music, with measures numbered 1 through 40. The key signature is G major. The tempo is marked 'M.M.' (Moderato) with a quarter note equal to approximately 56-66 beats per minute. The score includes various chord markings: D, A, E7, and G. The melody is primarily eighth and sixteenth notes, often beamed together. The first staff starts with a 'V' marking above measure 1. The piece concludes with a double bar line at measure 40.

M.M. $\text{♩} \approx 72-80$

TUR II

Musical score for TUR II, measures 1-24. The piece is in G major and 2/4 time. It features a series of eighth-note patterns with various chords: D, A7, D, G, D7, and D. The score includes fingerings (1-4) and accents. A double bar line with first and second endings is shown at measures 23-24.

TUR III

M.M. $\text{♩} \approx 56-66$

Musical score for TUR III, measures 1-33. The piece is in G major and 6/8 time. It features a series of eighth-note patterns with various chords: C, G, D, D7, G, D, A, D, G, D, G, D, D7, G, D. The score includes fingerings (1-3) and accents. A double bar line with first and second endings is shown at measures 32-33.

Musical score for guitar, measures 34-48. The key signature is one sharp (F#) and the time signature is 2/4. The score consists of three staves of music. Chords are indicated above the notes: A (measures 34-35), D (measures 36-37), G (measures 39-40), D (measures 41-42), D7 (measures 47-48), and G (measures 43-44). Measure numbers 34, 35, 36, 37, 38, 39, 40, 41, 42, 43, 44, 45, 46, 47, and 48 are marked at the beginning of their respective measures.

M.M. ♩ ≈ 72-80

TUR IV

Musical score for guitar, measures 1-40. The key signature is one sharp (F#) and the time signature is 2/4. The score consists of seven staves of music. Chords are indicated above the notes: Hm (measures 1-2), F# (measure 4), Hm (measures 5-6), Hm/F# (measure 7), F# (measure 8), Hm (measures 9-10), A7 (measures 11-12), D (measures 13-14), A7 (measures 15-16), D (measures 17-18), A7 (measures 19-20), D (measures 21-22), A7 (measures 23-24), Hm (measures 25-26), F# (measures 27-28), Hm (measures 29-30), Hm/F# (measures 31-32), F# (measures 33-34), A7 (measures 35-36), D (measures 37-38), A7 (measures 39-40), and D (measures 41-42). Measure numbers 1 through 40 are marked at the beginning of their respective measures.

D⁷/A G/H D/A G/H D/A G F# Em C D D⁷ 1. G
 2. G G D⁷ D G
 G D⁷ D G D A⁷ D Em A D Am D⁷ G Am D G
 G G/H G/D G D G/D D D⁷/F# Am/E D G

Notane me har sett til Fransese, er ein komposisjon av Lars Hollo (1826–1902) frå Hedmark: «Jenny-Française». For å få dans og melodi til å gå saman, er tal på repetisjonar og rekkjefølgje av tema noko endra i høve til originalen som me har henta frå Norsk Musikkksamling.

I siste turen har me sett inn tema frå Fandango (nr.72) i tillegg til tema frå 2. tur i figureringane. Her kunne me alternativt berre ha nytta opp att tema frå tidlegare turar, i tillegg til dei to som finst i originalen hjå Lars Hollo (dei to siste).

I siste tema i tur V har me endra tonearten frå C-dur til D- dur.

Endringane me har gjort, er i all hovudsak dei same som Rolf Myklebust gjorde på ei langspelplate frå 1968, og som seinare er vortne vanlege i det organiserte folkedansarbeidet. Me har likevel teke bort dei 4 ekstra taktene Myklebust sette inn etter fyrste figureringa i tur VI. Bogestroka og harmoniseringa er sette etter originalmanuskriptet. Sjå elles danse- og musikkmerknaden til Fransese.

Klara Semb gjev ikkje tempo for Fransese. Me har teke utgangspunkt i innspelinga Rolf Myklebust har gjort, og nytta tempo frå den. Det er likevel vårt inntrykk at tempoet her er lågt i høve til det som finst i andre kjelder, men tempoet har nok variert mykje, også i tradisjonen.

FRANSESE



Rekkjene helser kvarandre.

OPPSTILLING Parvis på to rekkjer, med minst 2 m mellom rekkjene. I dei ulike turane av dansen har me bruk for å skilja både mellom rekkjene og mellom para. Den rekkja der jenta står øvst (rekkja til venstre sett frå musikken), kallar me A-rekkja. Motståande rekkje kallar me B-rekkja. I A-rekkja er øvste paret einarpar, paret nedanfor er toarpar. I B-rekkja er øvste paret toarpar, paret nedanfor er einarpar. Slik står dei annakvart par einar- og toarpar nedover rekkjene. Einarparet har alltid eit toarpar beint imot.

Einarparet i A-rekkja fører opp dansen. Når alle har stilt opp, klappar oppførande gut lett i hendene, som teikn til at musikken kan byrja. Han kan òg klappa av (klappa som teikn på at musikken skal stogga, dersom det er naudsynt, t.d. i 6. turen).

Gut og jente held saman med v. hand i v. Guten held handa noko ut frå kroppen og fører jenta i dansen med den handa. Guten let ledig hand hanga fritt. Jenta held i stakken med ledig hand.

TAK For ledig hand: Når jenta dansar einsleg, held ho i stakken med begge hendene. Når guten figurerer, har han lågt hoftefeste med armen som vender mot den han figurerer med. Andre armen følgjer kroppen i rørslene, med open handflate framover.

Når ein gut og ei jente svingar rundt saman for å stilla seg på plass i ei rekkje, stør guten jenta ved å leggja h. handa på ryggen hennar.

HELSINGAR I denne dansen er det mange helsingar. Me helser både før turane tek til og inne i turane. Helsingane er djupe komplimang, men utforminga vil variera noko etter kor mykje musikk ein har å helse på:

Jenta set ledig fot bak dansefoten, bøyer hovudet og sig djupt ned i knea med tyngda på begge føtene. Så reiser ho seg opp att, lyfter hovudet og set ledig fot inntil. Inne i turane fell helsinga oftast på den siste halvdel av ei takt.

Guten helser ved å bøya lett i nakken og overkroppen mot den han helser, samstundes som han fører ledig fot inntil dansefoten.

STEG Bytomfotsteg frå turdans (SSS), Sluttsteg (1 1/2 svikt), Gåsteg (S), Jamvektsteg (Ss). I denne franseseforma dansar ein bytomfotsteg med låg, tydeleg sviikt på alle trinna, og med etter måten lange steg, slik at ein får ei glidande rørsle. Alle tek til med V fot, både i byrjinga av turane og inne i turane, når ikkje anna er sagt.

TUR I
Jentekjeda

Takt 1-4
Takt 5-8


**Rekkjene helser kvarandre - komplimang
Komplimang mot eigen**

Rekkjene helser kvarandre med komplimang: Alle sletter taket med v. hand og helser på paret beint imot.


Så snur gut og jente mot kvarandre og helser med komplimang. På siste takta snur dei inn på rekkja att og tek saman med v. hand i v.



Gut og jente held saman med v. hand i v.



Oppstilling



Rekkjene byter plass - halvkjede.

Takt 9-10
Takt 11-12

**Rekkjene mot kvarandre - 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang
Rekkjene frå kvarandre - 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang**

Alle dansar 1 bytomfotsteg fram, trør vidare eit sluttsteg og helser med komplimang på paret beint imot. Så dansar dei 1 bytomfotsteg og eit sluttsteg attende i rekkjene att og helser eigen med komplimang. Dei vender halvt mot kvarandre under helsinga.

Takt 13-16

Rekkjene byter plass - halvkjede - 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

Så byter rekkjene plass med halvkjede. Dei dansar mot kvarandre på 1 bytomfotsteg. Para løyser opp taket og dansar halvkjede på andre bytomfotsteget. Jentene dansar inst i halvkjeda. Alle vrir overkroppen halvt mot venstre når dei dansar gjennom i kjeda. Så tek gut og jente saman att, og på det tredje bytomfotsteget dansar dei seg over til motsett rekkje. Guten fører jenta framom seg i ein halvsirkel mot sola og trør sjølv ut på rekkja. På eit sluttsteg snur dei heilt på plass i rekkja og helser eigen med komplimang.

Takt 17-18
Takt 19-20
Takt 21-24

Rekkjene mot kvarandre - 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

Rekkjene frå kvarandre - 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

Rekkjene byter plass - halvkjede - 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

No dansar rekkjene mot kvarandre og frå kvarandre att, med komplimang slik som i fyrste delen av turen. Så dansar dei halvkjede attende til eigen plass. Også no dansar jentene inst i halvkjeda.


Takt 25-28
Takt 29-32

Jentene kjede til motsett plass - 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang


Jentene kjede attende på plass - 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

Så skal jentene byta plass med kvarandre. Dei sletter taket med guten sin og dansar beint mot kvarandre på 1 bytomfotsteg. Så tek dei saman h. hand i h. og dansar vidare over til motsett rekkje. No sletter jentene taket med kvarandre, tek saman v. hand i v. med motsett gut og dansar inn på rekkja på 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang.


Medan jentene dansar, står gutane i ro og fører jentene: Dei sletter eiga jente fyrst etter at dei har ført henne inn til jentekjeda. Dei tek mot den andre jenta og



Jentekjeda
Jentene kjedar til motsett plass.



Rekkjene byter plass - krossvendingstak.



Figurering

svingar henne om lag 3/4 gong rundt møt sola. Samstundes svingar dei sjølve rundt på eigen plass motsols med 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang.

Så dansar jentene kjede attende til eigen plass. Dei gjev h. hand til kvarandre, dansar forbi mot eiga rekkje, tek v. i v. med eigen gut og svingar rundt med han og på plass i egne rekkjer med komplimang til slutt.

Takt 33-36

Krossvendingstaket - rekkjene byter plass - 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

Gut og jente tek krossvendingstaket, og rekkjene byter plass. Para dansar til høgre forbi kvarandre, gutane fører jentene noko framfor seg når dei dansar forbi paret dei møter. Så dansar dei seg inn på plass i motsett rekkje og helser eigen dansar med komplimang. 3 bytomfotsteg og sluttsteg har dei brukt til dette. På sluttsteget løyser dei opp krossvendingstaket og helser som vanleg med v. hand i v.

Takt 37-40

Rekkjene attende på plass - halvkjede - 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

Så dansar rekkjene halvkjede attende til eigen plass. Også no dansar jentene inst i halvkjeda. Komne attende på plass, helser dei som vanleg eigen med komplimang og vert ståande i ro.

TUR II
Figureringa

Takt 1-4

Komplimang til eigen




Takt 5-8

Para står i ro

Når musikken tek til, snur gut og jente mot kvarandre og helser med djupt komplimang, så snur dei attende på rekkjene att og står i ro til veket er spela ut. Dei slemper taket med kvarandre når dei helser, og tek v. i v. att når dei vender inn på rekkjene.



Gut og jente helseer kvarandre i figureringa.



Dansarane byter plass etter figureringa langs eiga rekkje.

Fyrste halvdel

Gutane i A-rekkja og jentene i B-rekkja dansar

Takt 9-12

Figurering langs eiga rekkje

No skal gutane i A-rekkja og jentene i B-rekkja figurera med kvarandre. Dei slepper taket med eigen.

Gutane tek lågt hoftefeste med v. hand og dansar 1 bytomfotsteg oppover mot musikken, tett på innsida av rekkja si. På siste trinnet i bytomfotsteget svingar dei seg 1/2 gong mot venstre og trør 2 gåsteg bakover: Dei stig ned på H foten noko bakanfor V og trør vidare eit steg bakover på V foten. I det same dei svingar, tek dei lågt hoftefeste med h. handa og fører v. handa ned frå hoftefestet og i ei mjuk rørsle litt ut frå kroppen med open handflate vend framover. På siste steget helseer dei på jenta dei figurerer med.

Jentene fester begge hendene i stakken og dansar 1 bytomfotsteg nedover frå musikken, tett på innsida av rekkja si. Dei vrir overkroppen slik at v. armen er fremst. På siste trinnet i bytomfotsteget svingar dei seg 1/2 gong mot venstre og trør 2 gåsteg bakover: Dei stig ned på H foten noko bakanfor V og trør vidare eit steg bakover på V foten. I det same dei svingar, vrir dei overkroppen slik at h. armen er fremst. På siste steget helseer dei på guten dei figurerer med.

Helsinga vert både for gut og jente ei lett, mjuk bøyning med hovudet og overkroppen.

Så skal dei figurera vidare:

Gutane tek til med H foten og dansar 1 bytomfotsteg nedover frå musikken, tett på innsida av rekkja si, svingar 1/2 gong mot høgre på siste trinnet i bytomfotsteget og trør 2 gåsteg bakover: Dei set V foten noko bakanfor H og trør vidare eit steg bakover på H foten. I det same dei svingar, byter dei hoftefeste til v. hand att og fører h. armen ned og litt ut frå kroppen med open handflate vend framover i det dei helseer på jenta dei figurerer med.

Jentene tek til med H foten og dansar 1 bytomfotsteg oppover mot musikken, tett på innsida av rekkja si. Dei vrir overkroppen slik at h. armen er fremst. På siste trinnet i bytomfotsteget svingar dei seg 1/2 gong mot høgre og trør 2 gåsteg bakover: Dei stig ned på V foten noko bakanfor H og trør vidare eit steg bakover på H foten. Dei svingar på overkroppen slik at v. armen kjem fremst og helser att på guten dei figurerer med.

Takt 13-16

Dansarane byter plass - 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

Så skal gutane og jentene som figurerer, byte plass. Dei dansar 1 bytomfotsteg mot kvarandre, slik at dei på siste trinnet står tett framfor kvarandre. Så dansar dei 1 bytomfotsteg sidelengs i ein motsols boge samstundes som dei byter plass og får ryggen til motsett rekkje. Framleis er dei tett inntil kvarandre. Det høver slik at dei no står midt mellom rekkjene på høgde med eigen dansar.

Så dansar dei 1 bytomfotsteg og eit sluttsteg rett bakover og helser kvarandre med komplimang. Gutane står no tett innanfor gutane i B-rekkja, med ryggen mot dei. Jentene står tett innanfor jentene i A-rekkja, med ryggen mot dei. Når dei dansar seg baklengs til denne plassen, treng dei ikkje sjå seg bakover for å koma rett. Dei kan berre sikta seg inn etter eigen partner, som står i ro i rekkja si.

Takt 17-20

Figurering langs motsett rekkje

No figurerer same dansarane vidare, denne gongen langs motsett rekkje. Då kjem gutane til å figurera frå musikken fyrst, medan jentene figurerer mot musikken.

Takt 21-24

Dansarane attende til eigen plass - 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang
 Dei som figurerer, dansar no på 2 bytomfotsteg over mot eigen plass. Dei vik av til høgre for kvarandre. Så gjev dei begge hendene til eigen dansar og svingar rundt motsols og inn på plass på 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang. Guten som har figurert, må dansa bra lange trinn for å koma inn på plass. Jenta som har figurert, har noko kortare veg. (Fint!)

Andre halvdel

Jentene i A-rekkja og gutane i B-rekkja dansar

Takt 9-12

Dans opp att:

Takt 13-16

Figurering langs eiga rekkje**Dansarane byter plass - 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang**

Takt 17-20

Figurering langs motsett rekkje

Takt 21-24

Dansarane attende til eigen plass - 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

I denne halvdel startar jentene figureringa mot musikken, gutane frå.

TUR III

Jamvektkjede

Takt 1-4

Dans opp att (som i 2. tur)

Takt 5-8

Komplimang mot eigen**Para står i ro**

Fyrste halvdel

Gutane i A-rekkja og jentene i B-rekkja fører opp

- Takt 9–10*
Takt 11–12
- Dans opp att (som i 1. tur)
Rekkjene mot kvarandre – 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang
Rekkjene frå kvarandre – 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang
- Takt 13–16*
- A-gut og B-jente mot kvarandre – dansar saman med og mot sola – stiller seg midt i rekkjene – 3 bytomfotsteg og sluttsteg –**
A-jente og B-gut hektar seg til
A-gut og B-jente dansar mot kvarandre på 1 bytomfotsteg. Så tek dei saman h. i h. hand og dansar vidare 1 bytomfotsteg rundt 1/2 gong med sola. Dei slepper taket, snur snøgt og tek saman med v. hand i v. og dansar 1 bytomfotsteg om lag 1/2 gong rundt mot sola. På eit sluttsteg stoggar dei midt mellom rekkjene, guten med andletet mot musikken og nærast si rekkje, jenta med ryggen mot musikken og nærast si rekkje.
- I det dei tek sluttsteget og stiller inn midt imellom rekkjene, hektar A-jente og B-gut seg på til ei rad: A-jenta snur 1/4 gong mot venstre og får ryggen mot musikken. Ho tek saman med eigen dansar h. hand i h. B-guten snur 1/4 gong mot venstre og får andletet mot musikken. Han tek saman med eigen dansar h. hand i h.
- I jamvektkjeda brukar alle lett handtak med noko høg armføring.
- Takt 17–20*
- Jamvektkjede – 4 jamvektsteg**
Så skal dei dansa jamvektkjede. Dei startar kjeda med å trø 1 steg til sides mot A-rekkja. Dei dansar i alt 4 jamvektsteg.
- Jamvektsteget får her ei spesiell utforming med føringa av ledig fot. Dei let ledig fot hanga i golvet og dreg han inn til dansefoten. Dei held armane i akslehøgd og har godt samspel med kvarandre.
- Takt 21–24*
- Parvis med krossvendingstaket til motsett plass – 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang**
Dei slepper taket med dansaren frå motsett rekkje, tek krossvendingstak med eigen, dansar 3 bytomfotsteg over til motsett rekkje og svingar inn på sluttsteg med komplimang:
- I det dei byter til krossvendingstak, snur jenta mot høgre slik at ho får venstre sida mot guten sin på dei fyrste trinna. Para dansar til høgre forbi kvarandre. Guten fører jenta halvvegs framom seg når dei dansar over til plassen i motsett rekkje. Dei slepper taket med h. handa når dei gjer komplimang.
- Takt 25–26*
Takt 27–28
- Dans oppatt (som i 1. tur):
Rekkjene mot kvarandre – 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang
Rekkjene frå kvarandre – 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang
- Takt 29–32*
- Halvkjede attende på plass – 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang**
Så dansar para halvkjede over til eigen plass på 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang mot eigen. Jentene dansar som vanleg inst i kjeda.

Andre halvdel
Gutane i B-rekkja og jentene i A-rekkja fører opp

Andre halvdel er lik fyrste halvdel, men no er det A-jentene og B-gutane som dansar inn til jamvektkjeda. Då kjem jentene til å venda mot musikken. Dei startar med å dansa mot B-rekkja.

Takt 25-26
Takt 27-28
Takt 29-32

Rekkjene mot kvarandre - 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang
Rekkjene frå kvarandre - 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang
B-gut og A-jente mot kvarandre - dansar saman med og mot sola - stiller seg midt i rekkjene - 3 bytomfotsteg og sluttsteg -
B-jente og A-gut hektar seg til

Takt 33-36
Takt 37-40

Jamvektkjede - 4 jamvektsteg
Parvis med krossvendingstaket til motsett plass - 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

Takt 41-42
Takt 43-44
Takt 45-48


Rekkjene mot kvarandre - 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang
Rekkjene frå kvarandre - 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang
Halvkjede attende på plass - 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

TUR IV
Vitjinga


Takt 1-4
Takt 5-8
Dans opp att (som i 2. tur)
Komplimang mot eigen
Para står i ro

Fyrste halvdel
Einarjenta vitjar toarparet

Takt 9-10
Takt 11-12
Dans opp att (som i 1. tur)
Rekkjene mot kvarandre - 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang
Rekkjene frå kvarandre - 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang



Jamvektkjeda
Gutane i A-rekkja
og jentene i
B-rekkja fører opp.



Vitjinga
Rekkjene har dansa
mot kvarandre.
Einarjentene har
snudd 1/2 gong
motsols, teke
saman med toar-
gutane og følgjer
toarpara attende til
deira plass.
Einargutane dansar
åleine attende.

*Takt 13-14**Takt 15-16***Rekkjene mot kvarandre - 2 bytomfotsteg****Einarjenta følgjer toarparet til deira plass -****einarguten åleine attende på plass - 2 bytomfotsteg**

Rekkjene dansar mot kvarandre på 2 bytomfotsteg. Einarjenta slepper guten sin, snur 1/2 gong motsols og tek saman med toarguten med si h. hand. På same tid byter toarguten til høgre hand med eiga jente og får einarjenta i v. hand. Så dansar dei tre attende på toarparet sin plass, og einarguten dansar attende til eigen plass på 2 bytomfotsteg.

*Takt 17-20***Toarpar og einarjente fram og attende - 4 bytomfotsteg**

Dei tre dansarane med toarguten i midten dansar no 2 bytomfotsteg fram. Dei har ikkje komplimang, men nikkar lett til einarguten som står i ro i rekkja si og helse att. Så dansar dei tre baklengs attende til toarparet sin plass med 2 bytomfotsteg.

*Takt 21-22**Takt 23-24***Alle mot kvarandre - 2 bytomfotsteg****Gutane til toarparet sin plass - jentene til einarparet sin plass -****1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang**

Alle dansar så 2 bytomfotsteg fram, slik at gutane vert ståande tett inntil kvarandre, front mot front. Toarguten slepper taket med jentene og dansar 1 bytomfotsteg og sluttsteg baklengs attende på plass. Einarguten snur medsols 1/2 gong og dansar 1 bytomfotsteg og sluttsteg baklengs til motsett rekkje, med ryggen mot toarguten og tett framfor han.

Jentene dansar samstundes over til einarparet sin plass. Einarjenta snur 1/2 gong medsols og dansar 1 bytomfotsteg og sluttsteg baklengs attende til eigen plass. Toarjenta snur seg 1/2 gong motsols og dansar 1 bytomfotsteg og sluttsteg baklengs attende til motsett rekkje, med ryggen mot einarjenta og tett framfor henne.

Einargut og toarjente helse kvarandre med komplimang på sluttsteget.

*Takt 25-28**Takt 29-32***Einargut og toarjente - figurering****Einargut og toarjente attende til eigen plass -****3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang**

Så figurerer einargut og toarjente med kvarandre som i andre tur. Men ettersom dei står i motsett rekkje, figurerer dei berre langsetter den rekkja og så attende på plass og rundt med eigen dansar.

Andre halvdel

Toarjenta vitjar einarparet

Andre halvdel er lik fyrste halvdel, men no er det toarjenta som vitjar einarparet, og toargut og einarjente figurerer.

*Takt 33-34**Takt 35-36***Rekkjene mot kvarandre - 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang****Rekkjene frå kvarandre - 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang***Takt 37-38**Takt 39-40***Rekkjene mot kvarandre - 2 bytomfotsteg****Toarjenta følgjer einarparet til deira plass - toarguten åleine attende på plass - 2 bytomfotsteg**

- Takt 25-28 Einarpar og toarjente fram og attende - 4 bytomfotsteg
Takt 29-30 Alle mot kvarandre - 2 bytomfotsteg
- Takt 31-32 Gutane til einarparet sin plass - jentene til toarparet sin plass -
1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang
- Takt 33-36 Toargut og einarjente - figurering
Takt 37-40 Toargut og einarjente attende til eigen plass -
3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang



Kalesja


TUR V
Kalesja

- Takt 1-4 Dans opp att (som i 2. tur)
Takt 5-8 Komplimang mot eigen
Para står i ro


Fyrste halvdel
Toarjenta i kalesja

- Takt 1-2 Dans opp att (som i 1. tur)
Takt 3-4 Rekkjene mot kvarandre - 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang
Rekkjene frå kvarandre - 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

- Takt 5-6 Rekkjene mot kvarandre - 2 bytomfotsteg
Takt 7-8 Einarguten følgjer toarparet til deira plass -
einarjenta attende på plass - 2 bytomfotsteg
Rekkjene dansar mot kvarandre på 2 bytomfotsteg. Einarguten slepper jenta si, snur 1/2 gong medsols og tek saman med toarjenta h. hand i h. Toarjenta har no ein gut på kvar side. Så dansar dei tre attende på toarparet sin plass og einarjenta dansar bakover til eigen plass, alle på 2 bytomfotsteg.



Kalesja
Einargutane står saman med toarpara i motsett rekkje og skal laga «kalesje». Einarjenta står åleine på plassen sin.



Alle fram til medsols ring.

Takt 9–12

Toarpar og einargut kalesje fram og attende – 4 bytomfotsteg

Gutane tek saman bak ryggen på toarjenta, lyfter armene høgt til «kalesje» over toarjenta, og dei tre dansar 2 bytomfotsteg framover og 2 bakover på plass att. Gutane har samspel med jenta i midten.

Takt 13–16

Einarjenta fram og attende – 4 bytomfotsteg

No dansar einarjenta 2 bytomfotsteg framover og nikkar lett mot dei tre som står i kalesja. Så dansar ho 2 bytomfotsteg baklengs attende på plass.

Takt 9–12

Alle fram – medsols ring – attende på plass i motsett rekkje – 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

Takt 13–16

Halvkjede over til eigen plass – 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

Så dansar alle fram 1 bytomfotsteg. Gutane tek ned kalesja og skifter det lette taket med toarjenta over til andre handa med det same dei dansar fram. Når dei møtest, tek alle fire saman til ring og dansar vidare 1 bytomfotsteg medsols. Så slepper dei taket med partneren frå motsett rekkje og dansar 1 bytomfotsteg og sluttsteg bakover til motsett rekkje med komplimang mot eigen. Guten, som har halde i jenta si med h. handa, byter til v. i det dei gjer komplimang.

Så dansar para halvkjede over til eigen plass på tre bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang mot eigen. Jentene dansar som vanleg inst i halvkjeda.

Andre halvdel
Einarjenta i kalesja

Andre halvdel er lik fyrste halvdel, men no er det toarguten som vert med einarparet attende og lagar kalesje med einarjenta i midten. Det er toarjenta som dansar åleine fram og attende i rekkja.

Takt 17–18

Rekkjene mot kvarandre – 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

Takt 19–20

Rekkjene frå kvarandre – 1 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

Takt 21-22

Takt 23-24

Rekkjene mot kvarandre - 2 bytomfotsteg**Toarguten følgjer einarparet til deira plass - toarjenta attende på plass - 2 bytomfotsteg**

Takt 25-28

Takt 29-32

Einarpar og toargut kalesje fram og attende - 4 bytomfotsteg**Toarjenta fram og attende - 4 bytomfotsteg**

Takt 25-28

Alle fram - medsols ring - attende på motsett plass - 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

Takt 29-32


Halvkjede over til eigen plass - 3 bytomfotsteg og sluttsteg med komplimang

TUR VI Storkjeda

Førespel
4 takter

Para helser kvarandre med komplimang

Siste turen startar med at gut og jente slepper taket, snur seg mot kvarandre og helser med komplimang. Etter komplimanget vert dei ståande vende mot kvarandre.



Storkjeda
Para helser kvarandre og tek saman til kjede. Para oppe og nede dansar seg saman til ring.

Når guten møter eiga jente, svingar dei rundt 1/2 gong på staden og helser.

Takt 1-8

Takt 1-8,

osv.

Kjede rundt til eigen partner - bytomfotsteg**Komplimang mot partner -****Kjede attende på plass - bytomfotsteg**

Så tek dei saman h. hand i h. og dansar kjede. Rekkjene dansar seg saman oppe og nede til stor ring. Gutane dansar motsols, jentene medsols til dei møter kvarandre. Då svingar dei rundt 1/2 gong på staden og helser kvarandre med komplimang. Dei helser anten på dei 4 fyrste eller dei 4 siste taktene i eit vek. Alt etter kor mange par det er i oppsettet kan dei måtta stå i ro eit par takter for å kunna starta helsinga på halvt eller heilt vek.

Så tek dei h. hand i h. og dansar kjede, gutane med sola og jentene mot, attende til dei møtest att og svingar inn til eigen plass på rekkjer att.



Par om par attende til plass.

Figurering

Dans opp att:

Takt 9-24

Fyrste halvdel av andre tur

Så figurerer gutane i A-rekkja og jentene i B-rekkja, nett som i andre tur.

Takt 25-28

Komplimang mot partner

Takt 29-32

Marsj i dobbel ring til para møtest - gjæsteg

Komplimang mot partner

Takt 25-32

Par om par attende på plass - gjæsteg

osv.

Para helser fyrst kvarandre med komplimang på 4 takter av musikken. Så går dei marsj i kvar sin ring, jentene inst og medsols, gutane ytst og motsols. Rekkjene dansar seg saman oppe og nede til dobbel ring. Dansarane vrir overkroppen og går vend mot den andre ringen. Jentene held i stakken med begge hender og får vending med høgre armen fremst.

Når para møtest, snur dei mot kvarandre, jentene med ryggen inn i ringen, gutane med ryggen ut, og dei helser kvarandre med komplimang på 4 takter. Så vender para seg 1/4 gong til motsols ring, jentene legg høgre armen i venstre armkroken til gutane, og dei går marsj parvis etter kvarandre i ring mot sola attende til eigen plass. Her svingar guten jenta si framfor seg inn på plass i rekkja.

Figurering

Dans opp att:

Takt 33-48

Andre halvdel av andre tur

Så er det jentene i A-rekkja og gutane i B-rekkja sin tur å figurera med kvarandre, nett som i andre tur.

Takt 49-56,

49-56 osv.

Dans opp att:

Kjede rundt til eigen partner - bytomfotsteg

Komplimang mot partner

Kjede attende på plass - bytomfotsteg

Etter at dei har helst kvarandre med komplimang, dansar dei storkjeda opp att slik dei gjorde fyrst i turen.

Avslutning

Takt 57-64

No er dansen ferdig, berre ein helsingsseremoni står att. Dei retter fyrst inn rekkjene, og guten legg armen til jenta inn i sin høgre armkrok. Så stig dei stilt fram mot midten av rekkjene. Dei går ikkje i takt med musikken, men følgjer med i veket, slik at helsingane kjem samstundes for alle dansarane.

Takt 65-72

Når rekkjene står tett inntil kvarandre, løyser para armtaket, og alle helser dansaren i motsett rekkje med djupt komplimang. Så vender dei parvis mot kvarandre og helser eigen dansar med djupt komplimang.

Til slutt tek dei arm i arm att og vert ståande rekkje mot rekkje.

OPPLYSNINGAR



Klara Semb tok med Lanciers og Fransese fyrste gong i NF II 1956, med denne merknaden i tilknytning til Fransese: «Fransese og Lanciers er utarbeidde etter minnet og etter gamle oppskrifter, m.a. A. A. Sandbecks dansebok, 2. opplag Christiania 1903.»

Fleire i dei fyrste generasjonane av folkedansinstruktørar hadde nok gått danseskule og lært m.a. fransese. Etter ein del av dei finst handskrivne notat frå danseskuleopplæringa. Fransese var den av kontradansane som heldt seg lengst i bruk. Det finst òg ei rekkje oppskrifter av dansen i små særtrykk og i dansebøker.

Dette gjorde at NF II ikkje var ei så viktig kjelde for fransese som for andre dansar. Fleire rettleiarar hadde si eiga form av dansen som dei brukte som ein spesialitet. Skilnadene mellom formene låg nok helst i stil og i detaljar, men NF II har ikkje sett ein så eintydig norm for denne dansen som for dei fleste andre dansane i boka.

Då Tor Stallvik tok til som lærar på leiklærarkursa til Noregs Ungdomslag i 1968, var det naturleg at han òg skulle bruka fransesen som eit ekstra tilbod for spesielt interesserte på kveldstid. Dette hadde Ole Ekornes og Liv Midttun òg brukt å gjera i si tid som lærarar på desse kursa. Stallvik ønskte då å finna ut meir om stilen og preget i dansen enn det han kunne lesa i NF II, og gjekk til ein danseskule i Oslo, der han fekk litt privatundervisning. Ut frå denne undervisninga og frå Klara Semb si nedteikning skapte han så si form av fransesen, og den har han lært bort på dei fleste leiklærarkurs fram til i dag.

Då revisjonsnemnda tok opp arbeidet med fransese, bad dei Tor Stallvik gjennomarbeida versjonen i NF II på dette grunnlaget. Det er i all hovudsak berre steg og helsingar som har ei litt anna form enn den Klara Semb gjev. Klara Semb gjev elles heller ikkje inngåande stegforklaringar.

I motedansen fransese har turane hatt eigne franske namn: I N. Ødegaard 1909:25 finn me namna: (Le) Pantalon (buksa), L'Été (sommaren), La Poule (høna) og La Pastorelle (hyrdedans). Siste turen har ikkje eige namn her. Same namna går att i ei lengre form hjå A. Hald:1836:22ff, og her har siste turen namnet Finale. Dei norske namna på turane i NF II, som me òg brukar her, er det helst Klara Semb som har sett til, ut frå kva turane går ut på. Desse namna går att på somme av notane til dansen.



Det har ikkje vore prenta musikk til fransese i NF III, men det har versert ein del kopiar av noter. I Klara Semb-samlinga (N19,3) ligg m.a. ein trykt note med tittelen: «Duftende Blumen. Quadrille über die beliebtesten Opern Melodien», som etter alt å døma er den Klara Semb har brukt som musikk til dansen.

I 1968 laga Noregs Ungdomslag ei langspelplate med turdansmusikk der fransesen var viktigaste dansen. Rolf Myklebust hadde funne notar på Hamar Folkebibliotek med ein fransese laga av Hedmarks-komponisten Lars Hollo. Myklebust måta då til musikken til dansen, truleg i samråd med dansarar frå Oslo Songdanslag, som hjelpte til ved innspelinga.

Vi veit ikkje noko om grunnane til det som vart gjort, men musikken til 3. tur i Hollo sine notar vart brukt til 1. tur i innspelinga, 5. tur hjå Hollo vart 3. tur på plata, og 1. tur hjå Hollo vart 5. tur. Hollo sin 6. tur er svært kort, og Myklebust lånte her i tillegg inn musikk frå to fandangomelodiar.